## God sesong for Hobbyklubben

15.04.2013



Hadde sommarlege gåver til alle: Tore Mathiesen

**Med å overrekka badehandkle til alle sette leiar for Hobbyklubben Tore Mathiesen ikveld punktum for ein ny sesong som han er godt nøgd med. Frammøtet har vore mellom 15 og 20 kvar gong og dei unge er interesserte og flinke til å delta i dei einskilde aktivitetane. I kveld fekk dei sjå eit av resultata - ein film om Uskedalen som filmgruppa har laga. Avisgruppa jobbar vidare med eitt nytt nummer av Uskedalsposten, som kjem ut i juni.**



Elisabeth Fauskanger (midt i biletet) var også med som leikleiar

Avslutninga hadde besøk frå Stord av Elisabeth Fauskanger som er leiar for 80 sundagsskular på Haugalandet og i Sunnhordland. Ho hadde andakt og var også myndig leiar for leikar, som var ein viktig del av programmet.

Ellers var det vakker song av 5 jenter og Svanhild Haugland trakterte som vanleg pianoet.

Ei gruppe som har markert seg skikkeleg er matgruppa og det gjorde den også denne gongen med dessert i mange variantar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Stol-leiken vert visst aldri avlegs